

Seniorsenter: Kommunen må meir på banen!

Som mange venteleg har fått med seg etter oppslag i lokalavisa, er ideen om eit nytt seniorsenter på Husnes (førebels) sett litt på vent. Frivilligsentralen si seniorgruppe legg i alle fall engasjementet sitt til sides, etter at firmaet som bygde det første seniorsenteret har trekt seg frå eit nytt samarbeid. Byggjekostnadene har skote i veret siste åra, og dei finn det for vågalt å satsa endå ein gong. Fleire interessantar har allereie sagt seg leie for denne utviklinga.

Før seniorgruppa no legg ballen heilt død, har vi likevel sendt ut ei oppmoding til fleire seriøse byggjefirma, både lokale og eksterne, og bede dei om å vurdera eit prosjekt på det kommunale området langs Lonavegen. Her ligg alt til rette allereie, med nødvendig infrastruktur og godkjent reguleringsplan. Kommunen har i lang tid hatt området ute for sal på Finn.no. Kor aktive ein har vore i denne prosessen veit vi ikkje noko om. Einaste vi har registrert er to politiske utspel i pressa for lang tid attende; eitt frå ordføraren og eitt frå varaordføraren, uavhengig av kvarandre. Vel og bra det, men er det nok? Nei! Vil ein selja noko, må ein vera «på» heile tida, er vår erfaring frå eit langt liv! (Tomtene i Lonavegen har i hovudsak stått klare sidan hausten 2022).

Når seniorgruppa no legg ballen død, håpar vi at nokon andre vil ta opp att hansken og føra ideen vår vidare. Denne oppmodinga går ikkje minst til Kvinnherad kommune, både administrasjonen og det politiske miljøet, men òg til det lokale næringslivet. Korrespondansen vi har hatt med potensielle interessantar viser i alle fall at det framleis er behov for sentrumsnære leilegheiter på Husnes. Men kor reell denne interessa er, kan ein ikkje vita sikkert før det føreligg eit forprosjekt med teikningar (skisser), prisar og anna.

Vi håpar at Kvinnherad kommune vil engasjera seg meir i bustadbygging både på Husnes, i Rosendal og i andre bygder. Lukke til!

**Kristian Hus
Roald Teigen**